



# EIDANGER JEGER OG FISKERLAG

Stiftet 4. desember 1950

Org.nr: 992 721 626



## Referat styremøte EJFL den 22. juni 2021 kl. 18.00

**Sted:** Lillegårdseter skytterbane  
**Til stede:** Øyvind Ranheim, Tommy Løberg Pedersen, Joakim Lunde, Ronny Hansen, John Ole Nordskog, Thomas Naper, Rune Lauritzen, Jan Erling Ødegård, Aina S. Leines  
**Forfall:** Kjell Vidar Omsland, Petter Hovet, Nils Petter Strand, Jon Kolstad  
**Referent:** Aina S. Leines

Sak nr.	Saker til behandling:	Ansv.	Frist
23/21	<p><b>Leiar:</b></p> <p>Rune innleda om tingenes tilstand: Det har vore dårlege tider skytemessing men dugnadsgjengen har verkeleg stått på med bl.a. bygging av rullestolrampe gjort av sponsorpengane på kr 50.000.- frå DnB.</p> <p>Det har som tidlegare nemnt vore eit samarbeid med Hedrum m/innkjøp av leirduer frå Promatiq i England der bindemiddelet er harpiks som dermed gjer duene miljøvenlege.</p> <p>Det er kjøpt inn løvblåsar som skal brukast til samling av plastproppar.</p> <p>Det er bytta madrassar og belegg på hytta i Fyresdal</p> <p>Klubben har kjøpt ein ny leirduekastar så pr i dag er det 34 leirduekastarar som er oppe og går.</p>		
24/21	<p><b>Økonomi:</b></p> <p>Tommy informerte at det pr i dag er kr 570.331,78 på konto og klubben har kontroll på økonomien. Kr. 133.000.- er venta frå Paypal, ein prosess som har kosta Tommy masse tid og frustrasjon.</p> <p>Over sommaren skal Tommy, Joakim &amp; Thomas samlas for å søke om tilskotsorningar.</p>		
25/21	<p><b>Baneutvalet:</b></p> <p>Joakim har satt klubbmesterskapet til 10. juli 2021</p> <p>Hjertestartaren på riflebana har defekt batteri (kr.400.-) og pads (kr. 3000.-) Kjell Einar skal ordne dette.</p> <p>Jaktskyteskulen utgår og blir satt opp på nytt til neste år.</p> <p>Vaktplanen går ned frå 6 til 5 lag. Framover blir det notert dei som møter opp. Dei som ikkje møter opp utan gyldig fråver, blir fråteke alle goder.</p> <p>Joakim har lyst å få til jevnlege ladekurs og ønsker i denne samanhengen at klubben kjøper inn eit ladesett. Dette var det einigheit om.</p> <p>2 laurdag i juli blir det jaktfelttrening.</p> <p>Klubben vil ha eit konkurranselag til leirdueskyting der klubben skaffar klede med sponsormerker. Joakim har henta inn klede hjå Protektive som dessverre ikkje kan sponse, men gje hyggelege prisar. Oppgåva blir no å danne lag og deretter</p>		

	<p>bestille klede. Ein må finne ut kva me får i sponsorpengar og deretter finne ut kor mykje brukaren skal betale.</p> <p>I januar blir rovdyrskytinga gjenopptatt og det same gjeld Eidangercupen.</p> <p>Dei to betalingsterminalane me har er no oppe og går.</p> <p>Folk må blir flinkare til å seie i frå når noko på bana ikkje virkar som det skal eller det har skjedd uhell av noko slag.</p>		
	<p><b>Fiskeutvalet:</b></p> <p>Fiskesommar var opprinneleg satt opp 12. juni men vil bli satt opp igjen til hausten. Jan Erling har kontakta fiskemottaket i Langesund og dei er villige til at borna kan stå der og fiske. Jan Erling har også planar om å kontakte dei som driv med sjøørretbekkar og få ein aktivitet der. Fleire aktivitetar kjem etterkvart</p>		
	<p><b>Ungdomsgruppa:</b></p> <p>Jon Ole og Ole Martin har fått samla ein 5-6 undommar til skyting og jakt. Dei har søkt på hjortejakt og vil prøve å arrangera gåsejakt i Voldsfjorden.</p>		
	<p><b>Kvinnegruppa:</b></p> <p>Har delteke i leirduecup på Kreppamyrr, der fokuset var å ha det gøy. Til neste år blir fokuset også å ha det gøy i tillegg til seier!</p> <p>Har prata med Petter Korsell og det blir ein arrangementskveld hjå han med stell av våpen til hausten.</p> <p>Aina kjem til å vera på bana på torsdag for å lokke damene opp på bana til skyting. Dette er annonsert på damegruppa si Facebookside.</p>		
	<p><b>Hundeutvalet:</b></p> <p>Det pågår blodsporkurs som går over all forventning med 16 påmeldte. Planen er å etterkvart avslutte kurset med heder og bedømmingar.</p> <p>Hundegruppa planlegg nye kurs, bl.a. dressurkurs + kursing av instruktørar.</p> <p>Det blei vedteke at hundefóret no blir solgt til halv pris.</p>		
	<p><b>Jegerprøvekurs:</b></p> <p>Tommy og Hilde planlegg å gjennomføre dette før året er omme.</p> <p>Sertifiseringa gjer at me får 4 nye jegerprøveinstruktørar.</p>		
	<p><b>Nestleiar:</b></p> <p>Porsgrunn kommune har gitt klubben kr. 3000.- i driftstilskot.</p> <p>NJFF skal lansere nye nettsider, men det er ikkje satt ein dato for dette.</p>		

Møte hevet kl. 19.45